

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 28.02.05 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Jon Magne Bogevik

I staden møtte:
Magda Haugen

Andre som var tilstade på møtet:

Einingsleiar for sosial Thore Austnes møtte under handsaming av sak 10/05.

Kommunekasserar Per Eikestad møtte under skriv og meldingar og orienterte særleg om rekneskapen for 2004.

Adm.sjef Tone Ramsli

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. mars 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Ordfører ba om at sak om tilskot frå næringsfondet til marknadsføring vart handsama som ekstra sak. Med denne endringa vart innkalling og sakliste samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen stilte fylgjande spørsmål:

- ✓ Dei får ikkje tilgang til breiband til heimen. Det har vore gitt ulik forklaring, m.a. at kablane ikkje er gode nok til framføring.
Adm.sjefen har vore i kontakt med BKK som orienterte om at slik leidningsnett går i området er det ikkje mogleg å levera breiband til denne husstanden.
Utvalet ønskte at administrasjonen arbeider vidare med saka med tanke om at også desse husstandane skal få tilgang til breiband.
- ✓ Kva vilkår som ligg på Finn Mohn med tanke på bygging på tomta på Bjørkheim?
Det er kontakt med Finn Mohn i høve til den klausulen han har om bygging på tomta.
Når det ligg føre stadfest reguleringsplan, vil det verta teke kontakt med Mohn på nytt.
- ✓ Kva vilkår som vert sett ved overtaking av kommunale bustadtomter med tanke på bygging på tomta.
Det vert som hovudregel sett vilkår om bygging på tomta innan 2 – 3 år. Problem oppstår når det innan denne tidsfristen vert gjennomført mindre tiltak på tomta, t.d. at eit byggjeprojekt er starta opp men ikkje fullført.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjef orienterte om arbeidet med å redusera drifta i høve til vedteke budsjett for 2005.

Kommunekasserar orienterte om rekneskapen for 2004 som er oversendt revisjon.

Ordfører orienterte om saker som er klare til handsaming i kommunestyret. I tillegg til sakene er lensmannen bedt inn til møte, og kommunestyret må og handsama spm. om kommunestruktur i dette møtet. Ordfører drøfta i møte kva saker som skal prioriterast på dette møte og kva saker som kan vente til neste møte.

Ordfører orienterte om skriv frå foreldre ved Nordbygda skule om ressursituasjonen (Også som lesarinnlegg i Samningen).

Adminsitrasjonen orienterte om at det vil verta kalla inn til møte med leiinga ved Nordbygda skule for å få avklara kva informasjon som er gitt ut, og kva som er situasjonen. Leiinga ved skulen må i etterkant av dette møte gi ut informasjon til foreldre.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0010/05	04/00265 BETALINGSSATSAR SOSIALE TENESTER FRÅ 2005
0011/05	05/00037 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - ALDALSELVA KRAFTVERK.
0012/05	05/00042 GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON
0013/05	05/00078 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - MARKNADSFØRING

0010/05

BETALINGSSATSAR SOSIALE TENESTER FRÅ 2005**Handsaming i møte:****Marit A Aase** sette fram slikt framlegg:*Betalingsatsar sosiale tenester frå 2005**Justeringar av sosialsatsane 2005/06 vert vedtekne slik det kjem fram i utkastet som ligg føre.**Satsane vert gjort gjeldande frå 01.05.05/01.01.06.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Betalingsatsar sosiale tenester frå 2005

Justeringar av sosialsatsane 2005/06 vert vedtekne slik det kjem fram i utkastet som ligg føre.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.05.05/01.01.06.

0011/05

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - ALDALSELVA KRAFTVERK.**Framlegg til vedtak::**

Søknaden frå John Haukenes m.fl. om tilskot til forprosjekt vert ikkje imøtekome.

Grunngjevinga for dette er at prosjektet er i ein tidleg fase noko som gjer det vanskeleg å sjå kva konsekvensar det vil ha for næringsutvikling i kommunen.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden frå John Haukenes m.fl. om tilskot til forprosjekt vert ikkje imøtekome.

Grunngjevinga for dette er at prosjektet er i ein tidleg fase noko som gjer det vanskeleg å sjå kva konsekvensar det vil ha for næringsutvikling i kommunen.

0012/05

GJENNOMGANG AV SAMNANGER KOMMUNE SOM ORGANISASJON**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka. Saka skal handsamast av kommunestyret 28. april.

Brigt Olav Gåsdal og Helge Reistad skal saman med ordførar utarbeida eit framlegg til uttale som vert handsama av personal- og økonomiutvalet i neste møte.

Vedtak:

Brigt Olav Gåsdaal og Helge Reistad skal saman med ordførar utarbeida eit framlegg til uttale som vert handsama av personal- og økonomiutvalet i neste møte.

0013/05

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - MARKNADSFØRING**Handsaming i møte:**

Marit A Aase sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune gjev tilskot på kr 3.000,- frå Næringsfondet til støtte vedrørande Norsk Tradisjonsfisk og Slow Food, Italia si rundreise i Norge veke 9, 2005.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev tilskot på kr 3.000,- frå Næringsfondet atil støtte vedrørande Norsk Tradisjonsfisk og Slow Food, Italia si rundreise i Norge veke 9, 2005.